



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Johannes Anonby
Telefon: 57643125
E-post: fmsfja@fylkesmannen.no

Vår dato
15.05.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2013/3472- 432.4
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sætremyrane naturreservat i Hornindal – kveldsmøte 30. mai om førestående restaureringsarbeid

Planane om restaureringstiltak på høgmyra i Sætremyrane naturreservat byrjar no å ta form, etter at vi gjennom fleire år har fått stadig meir kunnskap, både om Sætremyrane og myrrestaurering generelt. Det vart ikkje noko av det påtenkte informasjonsmøtet i samband med rapporten frå Vitskapsmuseet og Bioforsk i 2015, men di større grunn er det til å halde møtet no, når vi veit meir om kva som trengst for at restaurering skal fungere.

Røynslene frå andre område har vist at det er eit omfattande arbeid å restaurere myr. Køyring og graving med gravemaskin er ikkje det ein normalt ønskjer i eit naturreservat, men det syner seg at ein vanskeleg kjem utanom dersom ein skal restaurere myr etter tidlegare grøftingsinngrep. Lærdomen er også at det er viktig å vite kva ein gjer, og kva omsyn ein må ta, og velje utstyr som er tilpassa utfordringane. Torsdag 31. mai har Statens Naturoppsyn og Fylkesmannen planlagt å merkje av ute i felt kvar ulike einskildtiltak skal gjennomførast, og vonleg også å etablere nokre standardiserte overvakingliner for å kunne registrere tilstand før og etter tiltak.

Hornindal kommune har velvillig stilt lokale til rådvelde for eit informasjonsmøte kvelden før. For dykk som er grunneigarar, og andre som er interesserte – både i kulturminne og korleis dette og andre naturreservat vert forvalta, kallar vi difor saman til møte

**onsdag 30. mai 2018 kl. 1900
i kommunestyresalen i Hornindal.**

NTNU-Vitskapsmuseet har diverre ikkje høve til å kome på møtet, men vi legg opp til at Statens Naturoppsyn og Fylkesmannen syner bilete og fortel, både om dei ulike rapportane og faglege råda vi har fått, røynslar frå myrrestaurering andre stader, og kva vi ser føre oss å gjere i Sætremyrane. Så ønskjer vi å få råd og synspunkt på ting vi må ta omsyn til, og ein diskusjon om ulike sider ved gjennomføringa, og korleis vi kan velje dei beste alternativa.

Restaureringstiltaket må ha heimel i naturmangfaldlova § 47 (skjøtselsparagrafen). Det er også ein premiss at eventuelle tiltak som kan verke negativt inn på areal utanfor verneområdet treng samtykke frå grunneigar.

Med helsing

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Johannes Anonby
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

ADRESSELISTE:

Magne Runar Øen, 6763 HORNINDAL (201/3)

Oddvin Nyhagen, 6763 HORNINDAL (202/2)

På e-post til:

Ola Åsmund Sætren (202/1)

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kulturavdelinga

Kulturavdelinga v/Knut Ivar Åland

Hornindal kommune v/Jan Endre Nesdal

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane v/Marit Bendz

Michael Eklo, SNO

Liv Byrkjeland, SNO

Rune Holen, SNO

Kopi på EDU til Hornindal kommune